



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 01.09.2022
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 09:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører
Morten Sognes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	AP	Varamedlem

Desse møtte frå adminstrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft
Bjørnar Fjellhaug
Kari Torkildsen Utkilen
Ketil Tjore
Kim André Vangberg
Odd Harald Dommersnes
Rolf-Henning Myrmel
Thomas Lindås
Trine Merete Jansen

Austrheim 7. september 2022

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
069/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
070/22	Godkjenning av møteprotokoll
071/22	Meldingar
072/22	Delegerte saker
073/22	Orienteringar ved kommunedirektøren
074/22	Kaier og bruer i Austrheim kommune
076/22	Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002 - Offentleg ettersyn
077/22	Oppstart av temaplan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune
078/22	Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 - Offentleg ettersyn
079/22	Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032 - Godkjenning
080/22	Søknad om driftstilskot Industriutvikling Vest
081/22	Eigarskapsmelding 2022-2024
082/22	Eldremelding - del av kommunedelplan for helse og omsorg
083/22	Høyringsvar til nasjonal helse- og samhandlingsplan
084/22	Klage på rammeløyve - gbnr. 142/209 - Omsorgsbustad
085/22	Klage på rammeløyve til Husmannsstove - gbnr 152/29 - Snekkevika
086/22	Klagehandsaming - gbnr. 134/2 - Straumstad - Flytebrygge
087/22	Økonomistatus

069/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Etter godkjenning av innkalling og sakliste gjekk formannskapet på synfaring, i sak 084/22, Klage på rammeløyve - gbnr.142/209 Omsorgsbustad.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 069/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

070/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 070/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

071/22: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 071/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

072/22: Delegerte saker

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om dei delegerte sakene.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 072/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

073/22: Orienteringar ved kommunedirektøren

Kommunedirektøren sitt framlegg:

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om vassavtalen med Alver kommune. Vedtaket i Austrheim kommunestyre var ikkje heilt likt vedtaket i Alver kommune, og i etterkant har det vore møte med Alver kommune. Alver opnar for å imøtekomma Austrheim og gje avtale på tjue år med ti års forlenging, og at det må føreligga sakleg grunn om den ikkje skal forlengast vidare. Administrasjonen vurderer at dette er innanfor det ein kan akseptera. Austrheim er heilt avhengig av å ha ein avtale med Alver, og avtalen støttar det behovet ein har for vatn. Alver seier at dei ikkje ønskjer å stenga Austrheim ute, men vil knyta seg sterkare saman som ein region. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at denne saka kjem til kommunestyret 15/9 som framlegg til ny avtale.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at ein startar grunnarbeidet i september for pumpestasjonen i Åråsvågen. Det skal vera møte mellom grunneigarar 12. september om avtale for å avlaupsutbygging lengre ute i Åråsvågen, der startar ein så snart denne avtalen er underskriven.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at skuleprosjekta er godt i gang, har på plass dei fleste av underentreprenørane, og skal i gang no i haust på både Kaland og Årås. Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om ferdigstilling, her svara Myrmel at det no ser ut for at ein skal vera ferdig til skulestart 2023/24.

Inger Lise Brekke (H) spurte om forseinkingane skuldast interne forhold eller eksterne forhold, her svara Myrmel at bakgrunnen for dette er eksterne forseinkingar. Brekke spurte om det vil påverka skulegangen for elevane som skal gå på skulen under byggeperioden, Myrmel svara at skulane har vore innforståtte med den framdriftsplanen ein har hatt no.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at begge skulane er innforståtte med at dette arbeidet vil pågå det kommande skuleåret

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det skal vera status framdrift og kostnad på skuleprosjekta i kvart møte i formannskapet, her svara kommunedirektøren at det skal gå bra.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om fleire saker:

Kommunedirektør Fjellhaug sa at budsjettarbeidet er i gang. Det blir stramt med straumrekningar og renteauke, dette kjem til politisk handsaming etter den planen som gjeld.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til prosjektet med dei kommunale geitene, her kjem det status og evaluering når dei er ferdige i midten av oktober.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til søknad frå Landbruksdagen på 15.000 kroner, i tillegg til at det er gitt frå før 12.000 til støtte av dugnad. Her sa Per Lerøy (Ap) at det er gitt slik støtte tidlegare, elles ser det ut for at det ikkje er støtte frå Statsforvaltar denne gongen. Morten Sognes (H) og Helge Dyrkolbotn (KrF) tok til orde for å støtta arrangementet. Formannskapet sa seg samde i å gje desse 15.000 kronene.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til at vedtaket om garanti til eigedomsselskapet må via kommunestyret ein gong til, for at det skal stå sjølvskyldnargaranti og ikkje berre garanti.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til at formannskapet er invitert til kulturkveld på Mongstad i samband med fylkestinget sitt møte på Mongstad i slutten av september. Oppfordrar til å melda seg på.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til at kommunen har klatra på den siste utgåva av

Kommunebarometeret, helse har gjort det bra medan andre einingar må jobba vidare for å løfta seg.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til at kommunestyret har bedt om vidare utgreiing av søndagsopne butikkar, men skal dette gjerast no som Joker Austrheim har gått inn? Det var dei som ba om dette. Formannskapet var samla om at dette ikkje skal handsamast vidare no som den aktuelle søkaren har gått inn.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til at Kim Andre Vangberg er konstituert som kommunalsjef inn til ny kommunalsjef for helse og velferd er på plass.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug spurte formannskapet om mandat til å be eideomsselskapet om å skaffa fleire kommunale bustader. Treng fleire leilegheiter, og fleire mindre leilegheiter. Ønskjer fullmakt til å be eideomsselskapet til å skaffa fleire leilegheiter av ulik type. Ser også på sak seinare i haust for subsidierte leilegheiter til nyttilsette.

- Per Lerøy (Ap) sa at det er fleire tomter som kan vera aktuelle, mellom anna for leilegheiter der nyttilsette kan bu i tre år, med høgare leige år for år.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om status for overføring til eideomsselskapet, dette kjem kommunedirektøren tilbake til.

Trine Jansen orienterte om at det kjem fleire flyktningar frå Ukraina, som ein jobbar med å skaffa bustad til, med Kilstraumen som reserve om ein ikkje får dette på plass. Har komme to, jobbar med plass til ytterlegare seks. Kor lang tid det kan gå før dei kjem, er litt uklart, det er slik systemet ser ut til å vera. Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kor lange avtalar ein skriv, her svara Jansen at kommunen leigar inn bustader og leigar ut vidare til flyktningane, med ei oppseiingsfrist på 1-3 månader. Mange kan ha ønskje om å reisa heim så snart som mogleg, men det er usikkert om det er slik i Ukraina at dei kan reisa.

Morten Sognes (H) spurte om dette berre er flyktningar frå Ukraina, dette stadfesta Jansen.

Ordførar Per Lerøy viste til innspel frå Nordhordlandspakken om opning av Vardebrua på Mongstad. Det er ønskje frå fylkeskommunen å ta dette den 23. september, frå om lag klokka 10.00 og utover. Ordførar sa at ein ønskje å involvera Kaland skule og Kaland barnehage på denne opninga. Brua skal vera ferdig til 23. september med gjerde og det som skal vera der, men med unntak av at det ikkje er bestilt lys enno.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 073/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

074/22: Kaiar og bruer i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Vedlikehald av bruene, Njøta og Krossøy, vert prioritert og finansiert ved auka låneopptak på inntil kr 700 000,-
2. Det vert gjennomført utvida inspeksjon av kaiane. Finansiering vert dekkja innanfor eksisterande ramme.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å stengje kaiar som ikkje er forsvarleg sikra.
4. Kommunedirektøren kjem attende med kostnadsoversikt over kaiane og prioritering av tiltak. Det skal også leggjast fram oversikt over kaiar som kan avhendast. Midlar ved avhending kan finansiere vedlikehald/oppgradering av eksisterande kaiar.
5. Tryggleikstiltak for kaiane på kr 400 000,- vert innarbeidd i budsjett for 2023.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga. Det er ein del manglar ulike stader, som manglande sperre for kjøretøy mot kaikant (jernbanesviller), og stige frå sjø. Har ikkje sett på om kaiane er svekka, her ser Myrmel for seg at ein kan ta fram saka frå 2012 med tanke på kva kommunen skal eiga og kva kaiar ein skal avhenda. Er store kostnader ved ein del kaiar. Dei som er vurdert som svekka må stengast til ein får vurdert dette med bereevne betre. Alle kommunale kaiar må ein vurdera, og må også ta fatt i dei fylkeskommunale kaiane der kommunen har ansvar. Kva som er viktig med tanke på beredskap er også noko som må vurderast. Myrmel signaliserte at det er for mange kommunale kaiar i dag, som ein ikkje vedlikeheld.

Myrmel sa om Njøtebrua at rekkverket berre er eit nettinggjærde og det må ordnast straks, slik at kommunen ikkje risikerer å komma i eit erstatningsansvar.

Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis det vert ved avhending, og om kommunen kan gjera dette utan oppgradering først. Myrmel svara at det er naturleg å spørja grunneigar dei plassane der ein må gjennom tun for å komma til desse kaiane. Andre stader er det naturleg å ta det med lokale bygdslag, det har ein alt på plass enkelte stader slik at det er ein bygdekai som er offentleg tilgjengeleg.

Morten Sognnes (H) viste til at det fungerer bra med kaien som bygda har på Fønnes, men den kommunale vegen ned dit er nedkjørt og treng grus/asfalt. Her sa ordførar Per Lerøy (Ap) at det har komme innspel på asfalt på grunn av bular som tek nedi når dei skal ned på kaien.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er mange kaiar som er tilgjengelege i dag, og det kan gjera kommunen mindre attraktiv om mange av desse vert stengde eller selde til private. Til dette kommenterte Rolf Henning Myrmel at det er kommunen sitt ansvar som er viktig, kanskje kan kaien stengast for bilar men vera open for ta med campingstolen. Ein av dei kaiane som er viktige for kommunen er kaien i Mastrevik, som vert brukt av elevskys, der er det tilråding om meir nøye kontroll.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til arbeidet med interkommunal plan for sjøareal, her må ein ta med seg at kaiar i Austrheim er mykje brukt av også fiskarar, som treng kaiar i samband med utøving av yrket sitt. Men kommunen kan kvitta seg med kaiar der ein ikkje kan bruka pengar på vedlikehald.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 074/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

1. Vedlikehald av bruene, Njøta og Krossøy, vert prioritert og finansiert ved auka låneopptak på inntil kr 700 000,-
2. Det vert gjennomført utvida inspeksjon av kaiane. Finansiering vert dekkja innanfor eksisterande ramme.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å stengje kaiar som ikkje er forsvarleg sikra.
4. Kommunedirektøren kjem attende med kostnadsoversikt over kaiane og prioritering av tiltak. Det skal også leggjast fram oversikt over kaiar som kan avhendast. Midlar ved avhending kan finansiere vedlikehald/oppgradering av eksisterande kaiar.
5. Tryggleikstiltak for kaiane på kr 400 000,- vert innarbeidd i budsjett for 2023.

076/22: Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002 - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002 vert sendt ut på offentleg ettersyn. Planomtalen, plankart og Illustrasjonsplan er datert den 15.08.2022. Føresegner er datert den 15.08.2022 og VA-områdeplan den 03.06.2022. ROS-analyse er datert den 16.08.2022. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgeiinga. Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova § 12-10.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

I denne saka var Ann Kristin Leirvåg (Ap) inne som vara, for Morten Sognnes (H). Sognnes var ugild på grunn av eigartilhøve.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Har styrt utanom utbygging i myrområda, mellom anna for å unngå utslepp av karbon, unngå dyr masseutskifting, og unngå bygging i område som kan vera utsette for vasskadar ved ekstrem nedbør.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er naturleg at formannskapet tar ei synfaring seinare, med grunneigarar og dei som kjem med innspel til dette ettersynet. I tillegg må det vera eit folkemøte etter ettersynet, gjerne på Kaland skule/gymnastikksalen. Har allereie fått ein del innspel, men det er naturleg at desse kjem med desse skriftleg i samband med ettersynet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kvifor området i nordvest er med i planen og sett av til landbruk, kunne vera bustadområde? Her svara Asbjørn Toft at grunneigar her har vore tydeleg på at han ønskjer å halda på dette som landbruksareal, og dette ønsket har administrasjonen halde seg til.

Ordførar Lerøy (Ap) sa at grunneigarar kan ta dette når dei vert inviterte med på synfaringa.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

FS - 076/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002 vert sendt ut på offentleg ettersyn. Planomtalen, plankart og Illustrasjonsplan er datert den 15.08.2022. Føresegner er datert den 15.08.2022 og VA-områdeplan den 03.06.2022. ROS-analyse er datert den 16.08.2022. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgeiinga. Vedtaket er heimla i plan - og bygningslova § 12-10.

077/22: Oppstart av temaplan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune startar opp **Plan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune.**

Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Finansieringa av arbeidet vert teke av løyvd tilskot og eigeninnsats.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Morten Sognnes (H) var tilbake i formannskapet frå denne saka, han var ugild i 076/22.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må sjå dette opp mot planane som ligg for ein tursti i området rundt Austrheimhallen. Her svara Asbjørn Toft og Kari Utkilen at ein hentar inn også data om nye ferdselsårer, både frå innspel og registreringar frå Strava, som viser kvar folk faktisk går. Utkilen sa

vidare at planen også gjev grunnlag for å nytta seg av ei tilskotsordning. Fylkeskommunen satsar på ro- og padleruter i Vestland, der ein kan få tilskot til både kartlegging og tilrettelegging. Berre kommunar og friluftsråd (Bof) som kan søka, og fristen er 15. september. Bergen og Hordaland Turlag ønskjer å søka, det må gå gjennom kommunen. Vidare har kommunen tenkt å be Bergen og Omland friluftsråd om å søka om flytebrygge i området på Øksnes, for at desse kan få tilgjenge frå sjøsida med robåt eller kajakk. Men Bof ønskjer å jobba med kartlegging av ruter med gradering, og det blir nok det som blir søkt om.

Ordførar Per Lerøy refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

FS - 077/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune startar opp **Plan for friluftslivets ferdselsåre i Austrheim kommune.**

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Finansieringa av arbeidet vert teke av løyvd tilskot og eigeninnsats.

078/22: Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim

Vidaregåande skule, planid. 2021001 - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 vert sendt ut på offentlig ettersyn. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sette spørsmål ved om varaordførar Inger Lise Brekke (H) var ugild i denne saka, sidan ho bur der og er part. Ordførar Per Lerøy (Ap) tok dette opp med formannskapet, og det var semje om at Brekke var ugild.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedteke med fire røyster, varordførar Inger Lise Brekke (H) var ugild og deltok ikkje i avrøystinga.

FS - 078/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 vert sendt ut på offentlig ettersyn. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

079/22: Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032 - Godkjenning

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Saka vert utsett inntil vidare. Før handsaming skal det arrangerast ein klimakonferanse for politikarane og innbyggjarane, med ulike føredragshaldarar.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Utsetting foreslått av: Per Lerøy

Saka vert utsett inntil vidare. Før handsaming skal det arrangerast ein klimakonferanse for politikarane og innbyggjarane, med ulike føredragshaldarar.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at dette har vore diskutert politisk. Ønskjer å venta med denne saka til ein har gjennomført ein planlagt lokal "klimakonferanse". Til dette sa Toft at det er viktig å få planen vedteken i løpet av året, med tanke på utbetaling av tilskot til arbeidet, Lerøy sa at det skal vera mogleg å få til.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 079/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Saka vert utsett inntil vidare. Før handsaming skal det arrangerast ein klimakonferanse for politikarane og innbyggjarane, med ulike føredragshaldarar.

080/22: Søknaad om driftstilskot Industriutvikling Vest

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Austrheim gjev 150.000 i årleg støtte i fem år, men med atterhald om at IUV kjem til neste formannskap og fortel kva dei har fått til og korleis dei jobbar. Dette er eit signal om at Austrheim er positive til å gje støtte, men treng meir informasjon.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Støtte med atterhald foreslått av: Per Lerøy

Austrheim gjev 150.000 i årleg støtte i fem år, men med atterhald om at IUV kjem til neste formannskap og fortel kva dei har fått til og korleis dei jobbar. Dette er eit signal om at Austrheim er positive til å gje støtte, men treng meir informasjon.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at kommunen har støtta IUV også tidlegare, men då gjennom Mongstad Vekst sitt tilskot. Lerøy sa vidare at IUV har bidratt med mykje viktig i regionen, også med å sikra andre statlege tilskotsmidlar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) etterlyste kva IUV har bidratt med i Austrheim, og sa vidare at 150.000 i året også kunne vore nytta til tilskot frå næringsfondet, der ein ikkje har noko inne no. Dyrkolbotn spurte kva ein får att.

Lerøy sa at IUV har vore inne i både Mongstad Industrier og Tobias Plast, og at det vidare vert jobba tett med Regionrådet og Nordhordland Næringslag. Rapportering må ein sjølv sagt krevja undervegs. Helge Dyrkolbotn (KrF) sat at ein kan løyva 150.000 til to år i første omgang, og så vurdere igjen, til dette sa Lerøy at femårsperioden er knytt til at Siva opererer med ein femårsplan.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er industriutvikling i Nordhordland, og at ein bør tenkja på dette som ein heilskap.

Per Lerøy (Ap) sa at dette er for heile regionen, kommunen sitt bidrag til dette.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at formannskapet ikkje har midlar til å gje støtte frå eige næringsfond, og kva hjelp kan desse få av IUV.

Morten Sognes (H) etterlyste meir om kva IUV har gjort for næringslivet i Austrheim.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) sa at det er vanskeleg å gje støtte med den søknaden som ligg der i dag.

Per Lerøy (Ap) la fram framlegg om at Austrheim gjev 150.000 i årleg støtte i fem år, men med atterhald om at IUV kjem til neste formannskap og fortel kva dei har fått til og korleis dei jobbar.

Dette er eit signal om at formannskapet er positive, men treng meir informasjon.

Morten Sognes (H) sa at dette bør inkludera ei referanseliste som viser kva dei har støtta og kva det har komme noko ut av.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for ordførar Per Lerøy (Ap) sitt framlegg til vedtak.

FS - 080/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Austrheim gjev 150.000 i årleg støtte i fem år, men med atterhald om at IUV kjem til neste formannskap og fortel kva dei har fått til og korleis dei jobbar. Dette er eit signal om at Austrheim er positive til å gje støtte, men treng meir informasjon.

081/22: Eigarskapsmelding 2022-2024

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Eigarskapsmelding 2022 – 2024 for Austrheim kommune, vert godkjent.
2. Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Eigarskapsmeldinga vert gjort tilgjengeleg på heimesida.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det må rettast om eigardel Aufera, der også Fedje er inne.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er veldig informativt med informasjonen om dei ulike selskap der ein eig.

Ordføraren refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 081/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

1. Eigarskapsmelding 2022 – 2024 for Austrheim kommune, vert godkjent.
 2. Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.
-

082/22: Eldremelding - del av kommunedelplan for helse og omsorg

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Revidering av eldremeldinga frå 2010 vil inngå som ein eigen del av kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunedelplan for helse og omsorg vil verta ei prioritert planoppgåve i 2022 og 2023.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Konstituert kommunalsjef Kim André Vangberg orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la til at det er mange planar i arbeid, og viktig å samkjøra fleire planar.

Inger Lise Brekke (H) sa at det også gjer informasjonen lettare tilgjengeleg, for både politikarar og innbyggjarar. Må sjå ting i heilskap.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er fornuftig å sjå planane i samanheng.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 082/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

1. Revidering av eldremeldinga frå 2010 vil inngå som ein eigen del av kommunedelplan for helse og omsorg.
 2. Kommunedelplan for helse og omsorg vil verta ei prioritert planoppgåve i 2022 og 2023.
-

083/22: Høyringsvar til nasjonal helse- og samhandlingsplan

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev følgjande høyringssvar:

Austrheim kommune er takksam for at statsråd Ingvild Kjerkol sendar ut invitasjon til å gje skriftlege innspel til meldingsarbeidet på nasjonal helse- og samhandlingsplan.

Austrheim kommune er ein distriktskommune i Nordhordland i Vestland fylke, med ca. 2889 (2022) innbyggere.

Vi lever i eit av verdas beste land, og dei aller fleste barn, unge og vaksne i Noreg har gode levevilkår. Samstundes er ein uroa for at dei barn og unge som ikkje har det bra og ikkje har gode levevilkår er aukande. Folkehelseprofilen i Austrheim kommune ser ein til dømes at ein del av ungdomskuleelevene har mange psykiske plagar er høgare enn landsnivået. Det er særskilt samhandling mellom ulike fagprofesjonar/instansar som må sjåast nærare når det gjeld denne type utfordringar. Fafo-rapporten publisert i 2020, «Trøbbel i grenseflatene – samordne innsats for utsette barn og unge», visar det at vi gliper på oppfølging i tilfeller der den enkelte utfordring er meir samansett. Manglande samhandling om oppfølging av utsette barn og unge er eit samfunnsproblem som bør trekkast fram spesielt, der manglande samhandling og samarbeid mellom tenester har ført til at barn og unge ikkje har fått den oppfølginga dei har hatt behov for.

Den sektorielle velferdsstaten skapar utfordringar når det gjeld samarbeid på tvers av sektorar, men også utfordringar mellom første og andre linjetenester. Den høgt spesialiserte og "siloorganiserte" inndelinga skapa vanskar for å operere på tvers, da kvar sektor har sine klart definerte ansvarsområde, oppgåver, økonomi og ressursar, og ikkje minst eigne mål og resultatstyring innanfor sin sektor.

Konkrete innspel innan helse- og omsorgstenester frå Austrheim kommune handlar om tre hovudpunkt:

1. Førebyggjande arbeid.
2. Sikra gode pasientforløp der samhandling rundt den einskilde vert sterkare og tettare.
3. Demens tilbod lokalt

Førebyggjande arbeid

Det vil verta viktig at kommunane har ressursar til førebyggjande arbeid, og at man har omstillingsmidlar til å sikra gode tiltak på lågare nivå i omsorgstrappa. Til dømes heimebesøk. Med heimebesøk meina vi å komme tidleg nok i kontakt med innbyggjarane for å førebygge i eigen heim, der ein kan sikre at brukar tar meir ansvar sjølv for å kunne bu trygt, lengst mogleg heime. Innbyggjarane må verta meir «rusta» for å unngå funksjonsfall lengst mogleg og for betre livskvalitet når dei vert eldre. Eit anna eksempel er støtte til pårørande som står i tunge omsorgsoppgåver, komme tidleg nok inn og avlaste, sikre hjelpemidlar og velferdsteknologi. Styrke kommunane i dette arbeidet slik at det vert mogleg å prioritera dette arbeidet.

Sikre gode pasientforløp der samhandling rundt den einskilde vert sterkare og tettare:

Det vil verta viktig med møteplassar tverrfagleg, mellom helseføretak og kommunar, ikkje tilfeldigheiter. Det bør byggjast eigne samarbeidsarena som har særdeles fokus på innovasjon innan teknologi og samhandlingsforløp. Det bør verta gitt eigne midlar til dette.

KS sitt arbeid med Gode pasientforløp er døme på eit kvalitetsforbetnings arbeid. Her under tema

som pasientsikkerheit, velferdsteknologi, ABC demens, ressursssjukepleiarnettverk, demenskoordinator, kreftkoordinator og fysioterapi og ergoterapitenester. Dette må styrkast og arbeidast vidare med.

Demens tilbod lokalt

Om lag 101 000 personar lever med demens i Noreg i dag. Det forventast ein dobling innan år 2050 (Folkehelseprofilen frå FHI). Her er det viktig å sjå vidare på meir avlastningstilbod, sjå på aktivitetstilbod og styrke kommunane i tilrettelegging for dagtilbod der ektefelle kan stå i arbeid. Tilbod som gjev brukar meistring og livskvalitet, og ikkje oppbevaring. Til dette arbeidet må ein sjå på eigne midlar for å styrka dette arbeidet. Til dømes prosjektmidlar til å skapa tverrfaglege team i kommunane, og mellom kommunane og helseføretaka. Det bør og leggast til rette for fleire ambulante team knytt til demens. Der dei kjem ut til kommunane i ei kartleggingsfase.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Konstituert kommunalsjef Kim Andre Vangberg orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Framlegget til høyringssvar skal språkvaskast før det vert levert.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 083/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev følgjande høyringssvar:

Austrheim kommune er takksam for at statsråd Ingvild Kjerkol sendar ut invitasjon til å gje skriftlege innspel til meldingsarbeidet på nasjonal helse- og samhandlingsplan.

Austrheim kommune er ein distriktskommune i Nordhordland i Vestland fylke, med ca. 2889 (2022) innbyggere.

Vi lever i eit av verdas beste land, og dei aller fleste barn, unge og vaksne i Noreg har gode levevilkår. Samstundes er ein uroa for at dei barn og unge som ikkje har det bra og ikkje har gode levevilkår er aukande. Folkehelseprofilen i Austrheim kommune ser ein til dømes at ein del av ungdomskuleelevane har mange psykiske plagar er høgare enn landsnivået. Det er særskilt samhandling mellom ulike fagprofesjonar/instansar som må sjåast nærare når det gjeld denne type utfordringar. Fafo-rapporten publisert i 2020, «Trøbbel i grenseflatene – samordne innsats for utsette barn og unge», visar det at vi gliper på oppfølging i tilfeller der den enkelte utfordring er meir samansett. Manglande samhandling om oppfølging av utsette barn og unge er eit samfunnsproblem som bør trekkast fram spesielt, der manglande samhandling og samarbeid mellom tenester har ført til at barn og unge ikkje har fått den oppfølginga dei har hatt behov for.

Den sektorielle velferdsstaten skapar utfordringar når det gjeld samarbeid på tvers av sektorar, men også utfordringar mellom første og andre linjetenester. Den høgt spesialiserte og “siloorganiserte” inndelinga skapa vanskar for å operere på tvers, da kvar sektor har sine klart definerte ansvarsområde, oppgåver, økonomi og ressursar, og ikkje minst eigne mål og resultatstyring innanfor sin sektor.

Konkrete innspel innan helse- og omsorgstenester frå Austrheim kommune handlar om tre hovudpunkt:

1. Forebyggjande arbeid.

2. Sikra gode pasientforløp der samhandling rundt den einskilde vert sterkare og tettare.
3. Demens tilbod lokalt

Førebyggande arbeid

Det vil verta viktig at kommunane har ressursar til førebyggande arbeid, og at man har omstillingsmidlar til å sikra gode tiltak på lågare nivå i omsorgstrappa. Til dømes heimebesøk. Med heimebesøk meina vi å komme tidleg nok i kontakt med innbyggjarane for å førebygge i eigen heim, der ein kan sikre at brukar tar meir ansvar sjølv for å kunne bu trygt, lengst mogleg heime. Innbyggjarane må verta meir «rusta» for å unngå funksjonsfall lengst mogleg og for betre livskvalitet når dei vert eldre. Eit anna eksempel er støtte til pårørande som står i tunge omsorgsoppgåver, komme tidleg nok inn og avlaste, sikre hjelpemidlar og velferdsteknologi. Styrke kommunane i dette arbeidet slik at det vert mogleg å prioritera dette arbeidet.

Sikre gode pasientforløp der samhandling rundt den einskilde vert sterkare og tettare:

Det vil verta viktig med møteplassar tverrfagleg, mellom helseføretak og kommunar, ikkje tilfeldigheit. Det bør byggjast eigne samarbeidsarena som har særdeles fokus på innovasjon innan teknologi og samhandlingsforløp. Det bør verta gitt eigne midlar til dette.

KS sitt arbeid med Gode pasientforløp er døme på eit kvalitetsforbetnings arbeid. Her under tema som pasientsikkerheit, velferdsteknologi, ABC demens, ressursssjuepleiarnettverk, demenskoordinator, kreftkoordinator og fysioterapi og ergoterapitenester. Dette må styrkast og arbeidast vidare med.

Demens tilbod lokalt

Om lag 101 000 personar lever med demens i Noreg i dag. Det forventast ein dobling innan år 2050 (Folkehelseprofilen frå FHI). Her er det viktig å sjå vidare på meir avlastningstilbod, sjå på aktivitetstilbod og styrke kommunane i tilrettelegging for dagtilbod der ektefelle kan stå i arbeid. Tilbod som gjev brukar meistring og livskvalitet, og ikkje oppbevaring. Til dette arbeidet må ein sjå på eigne midlar for å styrka dette arbeidet. Til dømes prosjektmidlar til å skapa tverrfaglege team i kommunane, og mellom kommunane og helseføretaka. Det bør og leggjast til rette for fleire ambulante team knytt til demens. Der dei kjem ut til kommunane i ei kartleggingsfase.

084/22: Klage på rammeløyve - gbnr. 142/209 - Omsorgsbustad

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka. Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om kvifor ein ikkje kunne snu bygget. Her svara Toft at dette er vurdert, men tilskotsgjevar Husbanken har hatt sine innspel, og det er gjort ei heilskapleg vurdering av plasseringa.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) spurte om det er mogleg å flytta bygga lengre vekk frå naboane, her svara Toft at det heng saman med å følgja byggegrensa til naboane, og stigninga opp på innfartsvegen inn til bustadene.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 084/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

085/22: Klage på rammeløyve til Husmannsstove - gbnr 152/29 - Snekkevika

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 085/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

086/22: Klagehandsaming - gbnr. 134/2 - Straumstad - Flytebrygge

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt tilbake til Statsforvalteren.

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 086/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt tilbake til Statsforvalteren.

087/22: Økonomistatus

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet tek økonomirapporten til vitande

01.09.2022 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

- Ein prosent auka rente, er fire millionar i auka utgifter for kommunen.
- Gode skatteinntekter, men noko går vekk i utjamning.
- Redusert skattøre gjev lågare inntekter.
- Bassenget Kaland, det er stengt og det vil kosta å ordna dette.
- Problem med maur i bygget i Vestlia.
- Må rekna med større utbetalingar på sosialhjelp.
- Sjukefråvær 13,1 prosent, det er samla for eigenmelding og legemeldt.

Dommersnes gjekk gjennom den detaljerte økonomistatusen.

- Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om konsulentbruk, dette er sagt at skal reduserast. Her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det handlar mellom anna om det er planar og anna der kommunen ikkje har eigen kompetanse.

Dommersnes sa at kommunen skal i gang med reforhandling av lån, der ein må venta høgare rente.

Likevel ser det ut for at det skal gå nokolunde greit med tanke på årsresultatet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det var under 1 prosent arbeidsløyse i juni månad, elleve personar alt i alt. God skatteinngang, men må dela på denne med andre kommunar.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 087/22 - 01.09.2022 - Vedtak:

Formannskapet tek økonomirapporten til vitande
